

**År 2022, den 26. april vart det halde ordinær generalforsamling i
Voss Veksels- og Landmandsbank ASA på Park Hotel
Vossevangen/Teams kl. 17.30.**

Styreleiar Stein Kvarekvål, som møteleiar, ynskte vel møtt.

Sak 1: Registrering

Det var frammøtt 21 personar som representerte 124 484 aksjar og 152 røyster.

I tillegg var det 3 person med talerett.

Innkalling til generalforsamling med saksliste datert 4. april 2022 var utsendt til alle aksjeeigarar med kjend adresse.

Det var ingen merknad til innkalling og saksliste.

Til å underskriva protokollen vart Hallbjørg S. Gjøstein vald i tillegg til møteleiar.

Til teljekorps på generalforsamlinga vart adm. banksjef Stig Gunnar Røthe og økonomisjef Bård Gjerde valde.

Møteleiar orienterte om den praktiske gjennomføringa av røystinga.

Sak 2: Orientering om årsrekneskapen for 2021

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om årsrekneskapen for 2021 og den finansielle situasjonen gjennom året. Han svara også på spørsmål frå deltakarane.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskapen for 2021, herunder nærmere opplysningar om føretaksstyring etter allmennaksjelova § 5-6, og utdeling av utbytte
Møteleiar synte til stadfesting frå styret og adm. banksjef på side 70 i årsmeldinga, samt redegjørelse for føretaksstyring side 13 i samsvar med regnskapslova § 3-3 b, jf. allmennaksjelova § 5-6 (5)

Møteleiar orienterte om den framlagde reine revisjonsmeldinga, og synte til side 73-76 i årsmeldinga.

Det var ingen merknader til meldingane.

Møteleiar gjorde fylgjande framlegg av styret sitt forslag til vedtak:

«Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 vert godkjend og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om. Kr 10,05 pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei

som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 26. april 2022.»

Det var ingen merknader.

Vedtak:

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 vert godkjend og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om. Kr 10,05 pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 26. april 2022.

Sak 4: Val i samsvar med vedtekten § 3 – 3

Leiar i valnemnda, Anders Ullestad, orienterte om og grunngav nemnda sitt arbeid. I valnemnda til generalforsamlinga i 2022 har vore Anders Ullestad, (leiar), Egil Mørkve, Hilde Magnusson og som fast møtande varamedlem Ingjerd Skogseid.

Val av styreleiar for 2 år

På val sto: Dagleg leiar Stein Kvarekvål

Valnemnda sitt framlegg: Attval på styreleiar i styret dagleg leiar Stein Kvarekvål.

Innan tidsfristen 1. februar 2022 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart vald.

Val av fast medlem i styret for 2 år

På val sto: Managing director Hege Solbakken

Valnemnda sitt framlegg: Attval på managing director Hege Solbakken.

Innan tidsfristen 1. februar 2022 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart vald.

Val av 2 varamedlemer til styret for 1 år i prioritert rekkefølgje

På val sto: Revisor Marita Østrem og dagleg leiar Gunvall Medhus

Valnemnda sitt framlegg:

1. Attval på revisor Marita Østrem
2. Attval på dagleg leiar Gunvall Medhus

Innan tidsfristen 1. februar 2022 var det ikkje kome inn framlegg på andre kandidatar, og ovannemnde vart valde.

Val av valnemnd til generalforsamlinga i 2023

Valnemnda til generalforsamlinga i 2022 har vore:

Anders Ullestад (leiar), Egil Mørkve (medlem), Hilde Magnusson (medlem) og Ingjerd Skogseid (varamedlem.)

Valnemnda sitt framlegg på ny valnemnd:

Attval på : Anders Ullestad (leiar), Egil Mørkve (medlem), Hilde Magnusson (medlem) og Ingjerd Skogseid (varamedlem.)

Det var ingen andre framlegg.

Dei vart valde.

Sak 5**Fornying av fullmakt til kjøp av eigne aksjar**

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om saka.

(Etter Allmennaksjelova § 9 - 4 måtte to tredalar av så vel dei avgjevne røystene som av den aksjekapitalen som var representert på generalforsamlinga røysta for dette vedtaket, for at det skal gjelda.)

Det vart røysta over fylgjande framlegg til vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa eigne aksjar i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr 111.025,- fordelt på 22.205 aksjar, tilsvarende 1 % av aksjekapitalen. Det lengste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høvesvis kr 90,- og kr 400,-. Styret i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling.»

Framlegget vart vedteke.

Sak 6**Fornying av fullmakt til vedlikehald av ansvarleg lånekapital**

Adm. banksjef Stig Gunnar Røthe orienterte om saka.

Det vart røysta over fylgjande framlegg til vedtak:

«Generalforsamlinga i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til nyttekning, utviding av eksisterande eller innfriing og/eller tilbakekjøp av ansvarleg lånekapital og/eller fondsobligasjonar i banken. Samla beløp på ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonar i banken vert i denne fullmakta sett til maksimum 50 % av banken sin eigenkapital, noko som pr. 31.12.2021 er 310 mill. kr. Ved eventuell fornying, utviding eller reduksjon av ansvarleg lånekapital eller fondsobligasjonar, skal ordninga godkjennast av Finanstilsynet. Styret i banken får fullmakt til å vedta vilkår for låna, og skal syta for at låna vert godkjend av Finanstilsynet som teljande ansvarleg kapital. Fullmakta er gjeldande fram til neste ordinære generalforsamling.»

Framleggget vart vedteke.

Sak 7 Fastsetjing av godtgjersle for utført revisjon i 2021

Frå revisjonsselskapet RSM Norge AS låg det føre faktura for utførte tenester i 2021.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:

«Honorar for lovpålagd revisjon og andre attestasjonstenester inkl. mva vert fastsett til totalt kr 844.000,-.»

Sak 8 Godkjenning av rapport for godtgjering til leiande personar

Styreliar, Stein Kvarekvål, orienterte om framlagde rapport om godtgjering til leiande personar og bakgrunnen for denne saka.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak om:

«Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA godkjende framlagde rapport for godtgjering til leiande personar.»


Sak 9 Styret si erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette

Møteleiar orienterte om saka, og viste til side 71 og 72 i årsmeldinga.

Fylgjande vart samrøystes vedteke:

«Generalforsamlinga tek møteleiaren si orientering til etterretning, og sluttar seg til retningslinjene i si rådgjevande avstemming.»

Møteleiar takka for frammøte og heya møtet.



Møteleiar
Stein Kvarekvål



Hallbjørg S. Gjøstein